



To karar frå Krakow tek seg av jobben – Froizek Jerzy og Stupak Tadadeusz. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Polsk arbeidskraft har vore ein kjend og positiv faktor i Uskedalen gjennom mange år og slik er det framleis.

Akkurat no har to karar frå Krakow teke fatt på arbeidet med byggeprosjektet til E&M Holding mellom det gamle samyrkelagsbygget og Uskedalselva.

Dei arbeidar for Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu), som har ansvaret for å reisa råbygget. Også Bu er full av lovord om alt det også desse polakkane kan.

Huset skal stå klart så tidleg som mogeleg på nyåret, opplyser Alf Eidsvik junior. Han er den eina partnaren – Trond Myklebust er den andre.

Etter utfallet av klagesaka om dette prosjektet får huset ei mønehøgde på 7,4 meter medan det gamle betongbygget på samme staden hadde ei mønehøgde på tre meter.

Her har det tidlegare mellom anna vore både bensinstasjon, bilverkstad, parabolbutikk og dyrebutikk.

Av Ola Matti Mathisen



Eit nytt bygg reiser seg på gamal kjellar mellom det tidlegare samyrkelagsbygget og elva. (Foto: Ola Matti Mathisen)